

# Nord-Fron kommune

## Politisk sak

### Detaljreguleringsplan for Letrudgrenda - 1. gangs behandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Planutval	039/18	26.06.2018

Saksbehandlar	Journalpost
Øyvind Pedersen	18/10795

#### Vedlegg:

1. Letrudgrenda Plankart - 06.19.2018
2. Letrudgrenda Planomtale - 19.06.2018
3. Letrudgrenda Reguleringsføresegner - 14.06.2018
4. Letrudgrenda ROS - 05.06.2018

Administrasjonssjefen legg saka fram for planutvalet med slik

#### Innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vedtar planutvalet å legge forslag til detaljreguleringsplan for Letrudgrenda ut til offentlig ettersyn og høyring slik det går fram av vedlagte plandokument.

#### Planutval 26.06.2018:

#### Behandling i møte:

#### PU- 039/18 Vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

#### Bakgrunn for saka:

Nord-Fron kommune fremmar forslag til detaljreguleringsplan for Letrudgrenda.

Planforslaget er utarbeidd av kommunen og består av reguleringsplankart, planføresegner, planomtale og ROS-analyse.

Detaljreguleringa skal legge til rette for gjennomføring av skredsikringstiltak i planområdet. Bakgrunnen for desse tiltaka er tidlegare skredhendingar i området. Av nylege hendingar gjekk det i 2013 eit lausmasseskred inn i bustadfeltet. I 2016 losna større steinblokkar i fjellsida. Ei steinblokk gjekk da mellom to bustadhus, og fleire blokkar stoppa i forholdsvis kort avstand frå eit bustadhus. For å sikre grunn mellom anna for bygging av skredvollar / leidevollar, og for gjennomføring av anleggsarbeid i området, har det vore naudsynt å utarbeide en detaljreguleringsplan for området.

#### Barnetalspersonen si vurdering:

Barnetalsperson fekk tilsendt saka til uttale ved oppstart av planarbeidet, men har

ikkje kome med innspel.

### **Planfagleg vurdering:**

Kommunen varsla oppstart av reguleringsplanarbeid på Letrudgrenda 8. 5.2018. Det kom 6 uttaler til oppstartvarselet. Dei viktigaste moment i uttalene som kom inn til oppstartvarselet er gjengjeve og kommentert i kapittel 5 i planomtalen. Ein visar til denne.

Planforslaget omfattar utbyggingsareal for skredsikringsanlegg, mellom anna for bygging av skredvollar. Dei 7 eksisterande bustadane i planområdet er foreslege regulert som byggeområde for bustadar. Grunna skredfaren i området, er det *ikkje* regulert inn nye bustadtomter i planområdet. Skredfaren i området, også etter gjennomførte sikringstiltak, gjer at det er satt strenge reglar for bygnad på dei mest skredutsette av dei eksisterande bustadtomtene. Elles er størstedelen av planområdet regulert for landbruksformål. Ein viser til planomtala for nærare beskriving av planforslaget.

I planomtalen er planforslaget vurdert i forhold til «Forskrift om konsekvensutredning». Planforslaget er i samsvar med kommuneplanens arealdel. Planen er vurdert til ikkje utløyse krav om konsekvensutredning (KU). Når det ikkje er krav om KU, er verknadar av planen beskrive i planomtala.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Området er heller ikkje nærare undersøkt. Ved oppstart av planarbeidet har fylkeskommunen varsla om at det er naudsynt å gjennomføre kartlegging av området med omsyn til kulturminne. Området vil derfor bli synfara av arkeolog frå fylkeskommunen i sommar, og rapport frå undersøkinga vil ligge føre før sluttbehandling av planen.

Planforslaget skal elles ha det innhald og omfatte dei dokument som er påkravd for å kunne bli lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

### **Miljøfagleg vurdering:**

Verknadar for naturverdiar, forureining og støy er beskrive i planomtala. Her er det også gjort greie for oppfølging av krava i kap. II i naturmangfaldlova. Det ligg ikkje føre registreringar av særskilte naturverdiar verken i eller i nærleiken av planområdet. Det er ikkje venta auka forureining til grunnen eller til vassdrag ved realisering av planen.

### **Landbruksfagleg vurdering:**

Landbruksinteresser er gjort greie for som ein del av planomtala. Bygging av skredvollar med tilhøyrande anlegg av infrastruktur vil leggje beslag på 4,2 dekar innmarksbeite og 2,6 dekar skog av høg bonitet. Innmarksbeitet som blir råka er i dag ikkje hausta eller beita. For at skredvollane skal ha ynskja verknad mot skredfaren innan ein nokon lunde akseptabel økonomisk ramme, har ekspertise på området utleia at desse må lokaliserast der dei er teikna inn i reguleringsplanen, dvs. tett på bygnaden den skal verne. Ein har i planarbeidet derfor ikkje vurdert alternativ lokalisering av vollane som evt. kunne spare innmarksbeiteareala.

### **Rådmannsleiinga si vurdering:**

Rådmannsleiinga viser til innspel og merknadar med kommentarar i planomtala, samt dokumenta som ligg ved saka.

Rådmannsleiinga er positiv til å fremme det planforslaget som er lagt fram. Det blir difor innstilt på vedtak om at planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron  
Arne Sandbu